

---

Vår referanse 2021/1064-8  
Dato 12.02.2021

---

BERGEN KOMMUNE  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

## Fråsegn til forslag til - Overordnet strategi - transformasjon fra godshavn til bydel - Dokken 2050 - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 12.01.2021 om høyring av Overordna strategi - transformasjon frå godshavn til bydel - Dokken 2050. Føremålet er i hovudsak i samsvar med Kommuneplan, der området er sett av til - *omforming/transformasjon og forutsetter helhetlig planlegging*-.

Vestland fylkeskommune vurderer forslag til strategi ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

Bergen kommune skal ha ros for starta opp arbeidet med overordna strategi for Dokken, med brei medverknad av fagmiljø og interessegrupper. Med bakgrunn i pandemien og avgrensa mogelegheit for å avvikla fysiske møter, er det gjort ei imponerende innsats med omfattande involvering og brukt ulike kanalar metodar for kommunikasjon og deling av informasjon. Arbeidet er inspirerende og til etterfølging i liknande satsingar.

Strategien er del av eit tredelt program for omforming av Dokken frå godshavn til bydel. I første fase av programmet har Bergen kommune sett i gong tre prioriterte prosjekt:


- Overordnet utviklingsstrategi for Dokken
- Utrede og forberede etablering av utviklingsselskap for eiendommene på Dokken
- Utarbeide offentlig arealplan

Strategien er meint å kunne gje retning, ramar og føringar for prosjekt og aktivitetar som skal skje over en lang tidshorison og kommunen legg opp til at det skal vere tydelege strategiar og mål som står seg over tid. Det vert utarbeida framtidsbilete som konkretiserer visjonen og plan for gjennomføring som skal oppdaterast jamleg. Det vert vist til at strategien skal legge grunnlag for byutviklingsgrep i kommande juridisk arealplan(er).

Vestland fylkeskommune vurderer i denne fråsegna, strategiane og måla som skal ligge til grunn for komande planprosessar og andre tiltak knytt til transformasjon av Dokken. Vi ventar at oppstart av områdereguleringsplan vil bli varsla i ei eiga prosess og vil då gje våre innspel i høve PBL. Strategien vil legge føringar for arealplanen, og vi vil i det vidare gå inn på ulike tema som vi vil følgje opp i dei vidare prosessane.

[Tilhøve til overordna planar](#)

Strategien er bygt opp med visjon, og 4 mål og 11 strategiar for korleis nå dei overordna måla. Visjonen skildrar korleis Dokken skal sjå ut og fungere i 2050.



Dei fire måla og dei 11 strategiane over, samsvarer langt på veg med måla i Utviklingsplan for Vestland.

*Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg*

*Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling*

*Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland*

*Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping*

Med tydelege fokus på sosial bærekraft og klima, er den overordna strategien i tråd med Folkehelseplan og Klimaplanen for Hordaland som framleis er gjeldande.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 seier :

*Bergensområdet skal vere ein bærekraftig og konkurransedyktig vekstregion.*

*Utbyggingsmønster og transportsystem skal gje effektiv utnytting av samfunnsressursar og infrastruktur. Samordna planlegging og eit klimavenleg utbyggingsmønster skal leggje til rette for at transportveksten skjer i tråd med nullvekstmålet og at regional grønnstruktur og kulturminneverdiar vert bevart. Det skal vere ein balansert fordeling av bustader og arbeidsplassar i bergensområdet.*

Vestland fylkeskommunen stiller seg bak måla i den overordna strategien for Dokken, og vurderer at dei følgjer opp regionale planar og kommunen sin samfunnsplan og arealplan på ein god måte.

### Dokken og koping til byen og regionen

I utviklingsplanen Vestland viser til at Bergen skal vere ei drivkraft for utviklinga i heile landsdelen. Byen skal kunne tilby kunnskap, kunst og kultur til heile regionen og legge til rette for nytt og eksisterande næringsliv. Bergen er også særleg viktig for å styrke posisjonen til Vestland nasjonalt og internasjonalt. Dokken vil kunne ha ei viktig rolle i denne samanhengen.

Transformasjon av godshamna opnar for at eit stort areal nær Bergen sentrum kan nyttast til bustad og arbeidsplassar. Det skal også leggest til rette for rekreasjonsområde og kultur. Dette er ei ynseleg utvikling i regionalt perspektiv av fleire grunner, mellom anna for å styrke fylkessenteret som har behov for ei større mangfald av bustader og bebuarar, og for å skape nye og attraktive fellesområde for både dei som lever her og for dei som vitjar byen.

Med fleire bebuarar i gangavstand, vil handel i sentrum kunne få meir stabilt kundegrunnlag, noko som er viktig for å demme opp for konkurransen med kjøpesentera i bydelane.

Det er i dag ein langt større del arbeidsplassar enn bustader i og nær sentrum. Dette har mellom anna verknad for transport og innretting av kollektivtilbodet. Innan transportsektoren er det venta store endringar som kan få betydning for både reisebehov og korleis vi reiser i framtida. Vi viser til at det strategiske arbeidet og framtidig planprosess, må sjåast i samanheng med arbeidet med KDP for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest. Vi viser også til planretningslinje i Regional areal og transportplan for Bergensområdet om at rekkjefølgje av utbygging i bustad- og næringsareal må bli samordna i tid med utbygging av veg, gang- og sykkelveg og kollektivtiltak.

Utflytting av godshamna er en premis for transformasjonsprosessen. Framtidig hamneaktivitet på Dokken er eit stort spørsmål for Bergen som hamneby men også for regionale, og nasjonale interesser. Kva andre hamnefunksjonar som blir verande på Dokken, og kor lenge, er eit spørsmål som krev meir tid og utgreiing.

I det vidare utviklingsarbeidet vil det vere viktig å sjå framtidig arealbruk i samband med transport, behov for hamnefunksjonar, kollektivtransport, veg og infrastruktur for gåande og sykkel. Det er vesentleg at det vert utarbeida og samla tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag knytt til dette tema for den komande arealplanen og før ein går for langt i å legge føringar for lokalisering av ulike føremål.

### Folkehelse

Overordna strategi er i eit tidleg stadium i eit langsiktig utviklingsarbeid med å transformere Dokken-området. Strategien baserer seg på kommunen sitt kunnskapsgrunnlag. Vi vurderer at mål og strategiar som er presentert tek i vare omsyn til folkehelsa i dag og for framtida. Viktige tema er identitet, berekraft og bystruktur, og i visjon om Dokken for Bergen og alle i verden. Folkehelsa endrar seg stadig, og i framtida vil behov vere annleis enn det er i dag og det er positivt at mål og strategiar opnar for å kunne gjere endringar når kunnskap og viktige utviklingstrekk vert tydelegare. Dette vil vere viktig for å kunne ivareta mål om å stadig fremje helse og jamne ut sosiale helseskilnadar i befolkninga.

### Kulturminne og kulturmiljø

Det er viktig at overordna strategi og tek opp i seg ny politikk for kulturmiljøforvaltning og nye nasjonale mål. Stortingsmeldinga fastset nye nasjonale mål og ny kulturmiljøpolitikk, og den tydeleggjer kulturmiljøfeltet som ein viktig del av klima- og miljøpolitikken. Dei nye nasjonale måla famnar breiare og synleggjer samfunnsbidraget i sterkare grad. Berekraftig byutvikling er eit viktig tema som vektleggjast gjennom Bystrategien. Koplinga til byen og landskapet rundt er heilt sentralt her. Kulturmiljøomgrepet understrekar betydninga av heilskap og samanheng, samstundes blir tilknytninga til den øvrige klima- og miljøpolitikken tydelegare gjennom klimastrategi for kulturmiljøforvaltning.

### Byforming over tid

Sidan transformasjonen vil skje over lang tid, vil den også gjere det mogleg å utvikle området trinnvis. Strategien viser ein rekkje gode intensjonar og idear som vil ha god verknad for trivsel og byliv. Den utstrekte medverknadsprosessen er eit viktig utgangspunkt for å få dette til, og må halde fram i det vidare. Involvering skapar tilknytning og eigarskap for dei som skal bu og bruke området, og det er folk som til sjuande og sist skapar byliv. Strategi for å legge til rette for midlertidige tiltak og bruk av ledige areal undervegs i utbyggingsfasen vil kunne gi gode ringverknader i så måte. Vi vil også peike på verdien av å nytte eksisterande bygg i ein overgangsfase.

Kven skal bu på Dokken? Bergen kommune har i dette prosjektet ei unik moglegheit til å ta i bruk eigarrolla for å styre byutviklinga. Dette er løfta fram fleire stader i dokumentet. Dette er særleg relevant i høve til bustader der kommunen kan ta ei aktiv rolle som bustadsosial aktør ved bruk av verkemiddel som t.d. klausular el. å kjøpe seg inn i burettslag som vert etablert i området, og slik kunne legge grunnlag for eit mangfaldig og inkluderande bustadmiljø.

Kommunen vil også ha eit særleg ansvar som grunneigar for å sikre gode fellesareal og at lokalisering av barnehagar, skule og areal for leik og aktivitet, vert store nok og med dei beste kvalitetar. Målet må vere å legge til rette for at alle har gode og likeverdige tilbod uavhengig av alder og funksjonsevne.

### Planfaglege merknader

Parallelt med arbeidet med den overordna strategien pågår det to andre prosjekt i program for utvikling av Dokken; eit prosjekt som utgreier og førebur oppstart av utviklingsselskap for kommunens eigedommar på Dokken, og eit som utarbeider arealstrategi.

I høyringsdokumenta er det uklart kva status den framtidige arealplanen for Dokken skal ha og korleis involvering av fylkeskommunen og andre relevante partar skal vere. Det er omtala *arealstrategi, masterplan, offentleg arealplan* og *komande juridiske arealplanar*.

Vestland fylkeskommune har som regional planmynde, kulturmynde og sektoransvar for kollektivtransport og fylkesveg, tunge interesser og ansvar inn planarbeidet. På lik linje med andre regionale og statlege myndigheiter, er det vesentleg at arealplanen vert utarbeida i samsvar med plan og bygningslova. Dette for å sikre at planarbeidet vert forankra i ei formell demokratisk prosess, og at arealplanen skapar føreseie for dei store investeringane som må til både private og offentlege.

I denne samanheng stiller vi spørsmål til prosessen knytt til vedtak om at lokalisering og nybygg for Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet skal avklarast i arbeidet med arealstrategi for Dokken. Lokalisering av desse institusjonane vil ha stor verknad som drivar for vidare byutvikling, men vil også legge ein rekke premisser for dei framtidige omgjevnadene, som byrom, bustadmiljø og skala på bygg. Det vil også vere styrande for trafikkmønster, hamnefunksjonar og anna infrastruktur som det framleis er knytt ein rekke variablar til. Det er viktig at dei overordna byformingsgrepa vert forankra i ei formell planprosess før det vert gjort vedtak om endeleg plassering av desse store institusjonane på Dokken.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune gir ros til Bergen kommune for eit offensivt og nyskapande arbeid med den overordna strategien for vidare utvikling av Dokken.

Vi vil i det vidare prosessen med programarbeidet og i komande arealplan legge særleg vekt på areal og transport, folkehelse, kulturminne, arkitektur og byform i tillegg til andre relevante tema i tilknytning til dette.

Vi bidrar gjerne i den vidare prosessen.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Sigrid Næsheim Bjercke  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

Sakahandsamarar:

INV - Infrastruktur og veg - Forvaltning og utgreiing - Christian Stokke Rye

MOK -mobilitet og kollektivtransport - Gunhild Raddum

KII - Kultur, idrett og inkludering, -Kulturarv - Ambjørn Reinsnos

SUD- Plan, klima og folkehelse - Andreas Ask, Sigrid N. Bjercke

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland avd Bergen

Kaigaten 9

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål